



NVE Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Saksbehandlar, innvalstelefon
Annette Fosså, 51 56 89 20

Uttale til høyring av ny planendringssøknad for Blåfjell pumpe, Hjelmeland kommune

Fylkesmannen vurderer ny planendringssøknad som meir inngripande for landskaps- og miljøverdiar i området enn planane som det vart gitt løyve til i kgl. res. av 01.09.17. Den nye planendringssøknaden legg opp til nye synlege inngrep innanfor eit område som er sterkt påverka av menneskelege inngrep slik det framstår i dag. Ein må difor etter vårt syn stille spørsmål ved om den samla belastninga i området taler mot ytterlegare inngrep.

Vi viser til høyring av ny planendringssøknad for konsesjonsgitte Blåfjell pumpe med overføring av vatn til Blåsjømagasinet i Hjelmeland kommune, oversendt frå NVE i brev av 15.11.18.

Bakgrunn

Statkraft Energi AS (Statkraft) fekk konsesjon til bygging av Blåfjell pumpe med overføringar ved kgl. res. av 14.06.2013. Prosjektet ville nytta auka fallhøgde frå vatn pumpa opp og overført til Blåsjømagasinet til større energigevinst. Statkraft vurderte kostnadane med den konsesjonsgitte utbyggingsløyvinga til å vere for høge til at prosjektet kunne realiserast. Statkraft laga derfor ein ny og meir kostnadseffektiv utbyggingsplan. Statkraft fekk ved kgl. res. av 01.09.17 løyve til planendringa.

Etter ei ny vurdering viser det seg at heller ikkje desse utbyggingsplanane løner seg. På denne bakgrunn sendte Statkraft ny planendringssøknad på høyring, jf. søknad av 22.03.18. Planendringa består i hovudsak av reduksjonar i fjellarbeid, der tunnelar er redusert og i størst mogleg grad er erstatta av borehol. Planendringa vil soleis føre til redusert behov for massedeponi. Pumpe-strekninga frå Stora Blåfjellvatnet til Stora Gilavatnet blir vesentleg forkorta ved at den blir delt opp i to strekningar, der Litla Gilavatnet er planlagt nytta som ein del av vassvegen. Etablering av magasin i Litla Gilavatnet utløyser eit behov for å etablere ein sperredam i utlaupet, med ein heving av den naturlege vasstanden 1,5 meter, med reguleringshøgde på 1 meter. Det er planlagt bygging av to



pumpestasjonar i dagen, mot tidlegare ein stasjon i fjell. Anleggsarbeida er planlagt gjennomført over 2 barmarksesongar mot 3-4 i den konsesjonsgitte løysinga. Midlertidig veg langs Store Gilavatnet vil ikkje bli opparbeidd. Ein del av eit lite felt som skulle overførast ved sjølvfall til Blåsjø ved Førrevassdammen vil ikkje bli gjennomført. Revidert plan vil gi 47,1 GWh auka produksjon, mot 47,4 GWh i tidlegare konsesjonsgitt løysing.

Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen har tidlegare gitt uttale til Statkraft sine planar i området, jf. brev av 07.01.2009 og 10.03.17.

Planane rører som tidlegare nemnt ved det regionalt viktige høgheilandskapet *Stora og litla Blåfjell*. Dersom dei nye planane for området blir realisert, vil dei etter vårt syn føre til store og svært synlege arealinngrep. Etablering av to kraftstasjonar i dagen vil utanom dei store landskapsmessige verknadane, vere negativt for villreinen i området dersom dette medfører auka lyd- og lysproblematikk. Planlagt villreinpassasje fell bort med dei nye planane. Samla sett vil det nye alternativet slik sett vere dårlegare for villreinstamma i Setesdal-Ryfylke, som allereie er sterkt påverka av tidlegare kraftutbygging i området.

Litla Gilavatnet som i dag ikkje er påverka av regulering, ligg delvis innanfor området registrert som eit regionalt viktig landskap. Som følge av dei nye planane vil vatnet bli regulert, og det vil bli etablert ein sperredam i utlaupet. Den om lag 250 meter lange elvestrekningen mellom Litla Gilavatnet og Stora Blåfjellvatnet vil bli tørrlagt. Statkraft viser i sin planendringssøknad til at grunneigar i området har fått løyve til utsetjing av fisk i to vatn ved Blåfjell i 2015. Fylkesmannen bekreftar at det i 2009 vart gitt løyve til utsetjing av aure i Litla Gilavatn (innsjøn. 24426) og innsjø nr. 24474, jf. løyve av 12.08.2009. Rogaland fylkeskommune ga i 2014 løyve til utsetjing av fisk i dei same vatna, jf. løyve av 30.10.14. Grunneigar bekreftar at han har satt ut aure i begge lokalitetane i 2009 og 2015 (Øivin Robberstad pers. medd.). KU-en frå 2007 er soleis ikkje representativ for dagens situasjon, og konsekvensane ei eventuell regulering vil ha for fiskebestanden i Litla Gilavatnet må derfor utgreiast, jf. naturmangfaldlova § 8.

Fylkesmannen viser elles til våre tidlegare uttaler i saka.

Konklusjon

Fylkesmannen vurderer ny planendringssøknad som meir inngripande for landskaps- og miljøverdiar i området enn planane som det vart gitt løyve til i kgl. res. av 01.09.17. Den nye planendringssøknaden legg opp til nye synlege inngrep innanfor eit område som er sterkt påverka av menneskelege inngrep slik det framstår i dag. Ein må difor etter vårt syn stille spørsmål ved om den samla belastninga i området taler mot ytterlegare inngrep.



Med helsing

Annette Fosså
rådgivar

Per Kristian Austbø
ass. fylkesmiljøvernsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger